



Olav Thorsheim  
Vassbygdvegen 484  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1426 - 16/158

Saksbehandlar:  
Harald Solheim  
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:  
06.01.2016

## Avslag på krav om retting av matrikelopplysningar gbnr 181/11 - Thorsheim

**Administrativt vedtak. Saknr:**

### MELDING OM DELEGERT VEDTAK

#### SAKSUTGREIING

Viser til krav om retting av matrikelopplysningar av 06.04.15 og 28.09.15 – gbnr 181/11 – Thorsheim.

Byggnr 176268662 var registrert som fritidsbustad med kode 161 i matrikkelen og endra til kode 162 – bustad benyttes som fritid etter henvendelse av 06.04.15. Kommunen har ingen dokumentasjon på kva bygget er oppført som og heller ikkje motteke noko dokumentasjon frå eigar som tilseier noko endring av bygget sin status i matrikkelen.

#### VURDERING

Matrikkelen er landets offisielle register for både eiendoms-, bygnings- og adresseinformasjon. Hjemmelen for å rette opplysningar i matrikkelen finnes i matrikelloven § 26.



## **Kommunen gjer merksam på:**

### **I § 26 Retting av opplysningar i matrikkelen og sletting av matrikkeleining heiter det:**

Kommunen kan rette, endre og leggje til opplysningar som kommunen fører i matrikkelen, når det kan gjerast utan å halda oppmålingsforretning. Andre organ som fører opplysningar i matrikkelen, kan tilsvarande retta, endre og leggje til vedkommande opplysningar.

Kommunen kan slette matrikkeleining frå matrikkelen dersom eininga er urett oppretta. Det same gjeld for matrikkeleining som fysisk ikkje lenger eksisterer. Dersom eininga er ført inn i grunnboka, kan ho berre slettast i matrikkelen dersom ho samtidig blir sletta i grunnboka.

Ein part kan krevja at matrikkelen blir retta når det blir dokumentert at opplysningane er urette eller ufullstendige, eller at grunnlaget for registreringa er falle bort. Dersom det er behandla opplysningar som er urette, ufullstendige eller som det ikkje er høve til å behandle, skal det organet, som har lagt inn opplysningane, av eige tiltak rette opplysningane. Opplysningar om grenser som er fastlagde i oppmålingsforretning eller i tilsvarande forretning etter anna eller tidlegare lovgiving, kan berre rettast på grunnlag av ny oppmålingsforretning eller rettskraftig avgjerd ved domstolane. Part som retting, endring eller tilføyning har noko å seia for, skal underrettast. Denne paragrafen går framom personopplysningslova § 27 om retting av mangelfulle personopplysningar.

Departementet kan i forskrift gi nærare reglar om rettingar, endringar og tilføyningar til matrikkelen, og sletting av matrikkeleining, under dette om underretting og når underretting kan sløyfast.

### **Bruksendring etter plan- og bygningslova.**

Det vert gjort merksam på at endra bruk av bygning, kan krevje eigen søknad om bruksendring etter plan- og bygningslova § 20-1. Ein må søke om tillatelse til bruksendring når eit byggverk skal takast i bruk til noko anna enn det byggverket opprinnelig var godkjent for eller lovlig brukt til. Tilsvarande gjelder for tilrettelegging for anna bruk. Føremålet med søknad om bruksendring etter plan- og bygningslova er for at kommunen skal få muligheten til å vurdere eventuell ny bruk i forhold til no gjeldande bestemmelsar for arealdisponering og bygnings- og bruksmessige krav, dvs. om endringane råkar ved omsyn som plan- og bygningslovgivingen skal ivareta.

### **Vedtak**

I medhald av § 26 i matrikkellova vert omsøkte krav om retting i matrikkelen avslått i henhold til dokumentasjon som er lagt fram i saka.

## **Klage**

Klagerett – matrikkellova § 46 punkt h

Enkeltvedtak etter denne lova kan klagast på etter kapittel IV til VI i forvaltningslova. Avslag på krav om retting av opplysningar i matrikkelen jfr § 26 tredje ledd. Klagefristen er 3 veker frå den dagen de mottok vedtaket. Fylkesmannen er klageinstans for kommunale vedtak når ikkje anna er bestemt. Klagen skal grunngjevast og stilast til Fylkesmannen i Hordaland og sendast til Lindås kommune, geodataavdelinga, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Med helsing

Tommy Veland  
Avdelingsleiar geodata

Harald Solheim  
Rådgjevar geodata